

Utskrift frå Lindås kommune sitt kvalitetssystem:

Lokal info: Bedriftshelsetenesta

Lindås kommune sin kontaktperson frå Bedriftshelsetenesta Stamina Group er: Arild Kvamme tlf.: 48162510/55207580 e-post: arild.kvamme@staminagroup.no

HMT og bedriftshelseteneste

HMT-rådgjevar er organisatorisk knytt til personalseksjonen og er rådmannen sin fagperson i HMT-spørsmål, og oppgåvene er primært å bistå rådmannen med å utvikle helse, miljø og tryggleik i organisasjonen Lindås kommune.

Sigrid Isdal er HMT-rådgjevar. HMT-rådgjevar skal på Rådmannen sine vegne mellom anna sjå til at HMT-systemet fungerer i samsvar med retningslinene. HMT-funksjonen skal hjelpe arbeidsgjevar og arbeidstakarane med å skapa eit godt og forsvarleg arbeidsmiljø og skal hjelpa til med å kartleggja helseskadelege faktorar og fremje forslag om førebyggjande tiltak. HMT-rådgjevar er kommunen sin IA-kontakt mot NAV Arbeidslivssenter.

Lindås kommune har for perioden 01.01.14 til 31.12.16 kontrakt med Stamina om bedriftshelseteneste. Stamina er godkjent bedriftshelseteneste etter ny forskrift frå 2010.

Lindås kommune har i praksis bedriftshelseteneste for alle grupper arbeidstakarar. Bedriftshelsetenesta arbeidar primært førebyggjande. Døme er vurdering av byggeplanar, bistand ved risikovurderingar, rutineutvikling, opplæring av leiarar, AMU, og verneombod. Tenesta er også tungt inne i enkeltsaker. Døme er sjukefråversoppfølging, attføring og konflikthandtering.

HMT-rådgjevar er kommunen sin hovudkontakt til Stamina, og samarbeidar tett mellom anna i høve til å utarbeide og oppdatere handlingsplanar. Handlingsplan skal behandlast av AMU kvart år.

Bedriftshelsetenesta skal vere lett tilgjengeleg for alle grupper i organisasjonen, også for enkelt-tilsett. Kontakt med bedriftshelsetenesta kan enten gå via HMT-rådgjevar (vil i regelen vere når det gjeld i høve til grupper eller generelle tiltak), eller ein kan og ta kontakt direkte.

Når det gjeld området Truslar/ vald yter bedriftshelsetenesta strakshjelp/psykologhjelp. Tenesta driv primært ikkje med helsekontrollar av tilsette (ein viser der til fastlegen), bortsett frå der det er gitt spesielt lovkrav om overvaking av helse (til dømes innsatspersonell brann), men rettar innsatsen mot forhold som kan utvikle gode arbeidsmiljø, og mot forhold som kan skapa særlege helseproblem. Hjelp til oppfølging av sjukmelde og Attføring er sentrale oppgåver.

Avtalen med bedriftshelsetenesta omfattar:

- Førebyggjande helse-, miljø- og tryggleikstenester
- Arbeidshelseundersøkingar
- Arbeidsmedisinsk oppfølging

- Administrative tenester
- Kriser – rådgjeving og oppfølging

Bdriftshelsetenesta skal delta i Dialogmøte, jf. Arbeidsmiljøloven og retningslinene i Lindås kommune (Hefte "Førebygging og oppfølging av sjukefråver") Avtale om deltaking ved dialogmøte kan leiar gjera direkte med kontaktpersonen i Stamina.

Lindås kommune sin kontaktperson frå Stamina Group er: Arild Kvamme tlf.: 48162510/55207580 e-post: arild.kvamme@staminagroup.no

Hugs refusjonskrav!! Stamina sin representant i dialogmøter vil hjelpa leiar med utfylling av refusjonskravet til NAV for kostnader ved bedriftshelsetenesta sin deltaking i møter. Dette gjeld også i saker er Stamina gjennomfører arbeidsplassvurderingar som refunderast av NAV.

Kommunen sin kontaktperson for bedriftshelsetenesta er HMT-rådgjevar Sigrid Isdal , tlf. 56375179, e-post: Sigrid.isdal@lindas.kommune.no Kjøp av andre tenester iht rammeavtalen med Stamina, skal avklarast med kontaktperson.

Kontaktinfo til Stamina: Arild Kvamme tlf: 48162510/55207580 e-post: arild.kvamme@staminagroup.no Stamina GroupMinde allè 35, 5068 Bergen. Tlf: 55207580 www.staminagroup.no